



Rauma
kommune

Rauma Helsehus





Eit tidsskille for Rauma

Opninga av Rauma Helsehus markerer på mange måtar eit tidsskille for Rauma.

- Rauma samlar alle sine sjukeheims plassar i eit heilt nytt og topp moderne helsehus.
- Tilhøyrande kommunale funksjonar i helse og omsorg – mellom anna heimetenesten og dagsenter – blir samla under same tak.
- Ein frisklivssentral er plassert i helsehuset og blir ein viktig del av det førebyggjande arbeidet.
- Vi får på plass heilt nye tenester i vårt helse- og omsorgstilbod, mellom anna tilbod om omsorgsbustader med heildøgns omsorg og matdistribusjon til heimebuande i heile kommunen.
- Eit forlatt næringsområde blir forandra til ein ny og attraktiv bydel i Åndalsnes.

Investeringa i helsehuset er eit stort løft for å møte framtidens behov for helse- og omsorgstenester. Summen av alle grepa skal gjere Rauma betre rusta til å møte eldrebølgja og det store ansvaret som kommunen får med samhandlingsreforma.

Som ordførar vil eg takke alle dei som har bidrege til realisering av helsehuset – både internt og eksternt. Det har vore eit særdeles krevande og omfattende arbeid, og eg er trygg på at alle grepa som no er tatt vil bidra til større kvalitet på tenestene vi kan tilby.

Samstundes vil eg ønskje alle tilsette og pasientar lykke til i det nye huset, i håp om at bygget på alle måtar vil bli ein god arbeidsplass og ein god stad å vere.

Vennleg helsing

Lars Olav Hustad

Ordførar

Funksjonar og tenester i Helsehuset

1. etasje

- Frisklivssentral
- Dagsenter demente
- Dagsenter psykisk helse
- Tildelingskontor for helse- og omsorgstenester
- Base for tilsette i heimebaserte tenester
- Produksjonskjøkken
- Kantine
- Seremonirom
- Møterom
- Serviceareal for frisør og fotpleie

2. etasje

- 30 enkeltrom, langtid sjukeheim
- Fellesarealer
- To takterasser, ein med sansehage

3. etasje

- 30 enkeltrom, langtid sjukeheim
- Fellesarealer

4. etasje

- 15 enkeltrom, korttid sjukeheim
- 15 enkeltrom, rehabilitering

5. Helsehusområdet

- Helsehuspark, med mellom anna badeplass, leikeområde og sandvolleyballbane.
- Opparbeida kaifront mot Isfjorden
- Carport for heimetenestens bilar
- Parkering for besøkande
- To ledige næringsareal

Helsehuset frå start til mål

2014 – juni	Intensjonsavtale med Wenaasgruppen om forsering og samarbeid om bygging av ny sjukeheim på Åndalsnes
2014 – desember	Godkjenning av konseptrapport for nytt helsehus i Rauma
2015 – februar	Godkjenning styringsdokument og entrepriseform (pris-/designkonkurranse med etterfølgande samspel)
2015 – juli	Inngåing av kontrakt om samspillfase med HENT AS etter anbudskonkurranse
2015 – desember	Godkjenning av forprosjektrapport etter samspelsfase
2016 – februar	Inngåing av totalentreprisekontrakt med HENT AS
2016 – april	Tilsagn om investeringstilskot på 157 mill. kroner fra Husbanken
2016 – august	Byggjstart
2016 – september	Endeleg vedtak om kjøkkenløysing i helsehuset
2018 – februar	Ferdigstilling av helsehuset frå entreprenør
2018 – mars	Opningsveke
2018 – april	Innflytting pasientar – full drift



Stokkekaia – ny bydel

Rauma helsehus er starten på ein ny bydel på Åndalsnes. Eit forfalle næringsareal blir gjort om til eit innbydande og levande område med landets mest moderne helsehus og flotte utomhusområder.

Området helsehuset står på var opprinneleg ei langgrunn vik som befolkninga brukte til badeplass. I byplana fra tidleg på 1900-talet var området planlagd med bykvartal langs fjorden. Under andre verdskrig etablerte tyskerane kai ved å mudre opp sjøbotnen og laga lagerplass samt jernbanespor. Dette skulle vere forsyningsbase for flyplassen på Aukra.

Etter krigen vart området brukt til mellom anna terminal for Kr. Stokke AS (Tollpost Globe AS), og lager for Kullkompaniet med kull til NSB sine damplokomotiv. I dei siste åra har området forfalle.



Slik blir området på Stokkekaia

Illustrasjonsplana viser hovedfunksjonane i området, men detaljer kan avvike noko fra slik det blir.

Omsorgstrappa – Framtidas helse og omsorgstenester

Eit av hovudgrepa i omlegginga av helse- og omsorgstenestene er at vi skal ha større fokus på dei lavaste nivåa i omsorgstrappa. Det vil seie at vi vil utsetje behovet for institusjonsplass lengst mogleg, gjennom auka fokus på rehabilitering/førebygging og gjere innbyggjarane våre i stand til å føle seg trygg nok til å bu heime lengst mogleg – mellom anna gjennom bruk av velferdsteknologi.

5. Langtid

Langtidsopphald i sjukeheim herunder skjerma eining for demente.

4. Korttid

- Dagopphald i institusjon
- Korttidsopphald i institusjon
- Avlastning
- Rehabilitering
- Vurdering
- Lindring
- Kommunal akutt plass*

3. Bufelleskap

- Bufelleskap og bukollektiv med bemanning
- Omsorgsbustader med bemanning

2. Tenester

- Helsetenester i heimen
- Avlastning i eigen heim/ privat avlastning
- Omsorgsstønad
- Omsorgsbustad utan fast bemanning
- Rehabilitering i heimen
- Treningsteilighet
- Avlastning

1. Bistand

- Praktisk bistand og opplæring
- Praktisk bistand (heimehjelp)
- Dagtilbod psykisk helse
- Dagtilbod demens
- Frisklivsresept
- Støttekontakt
- Tryggleikspakke
- Matombringing
- Kvardagsrehabilitering

0. Førebygging

- TT-kort
- Ledsagarbevis
- Hjelpemidlar/velferdsteknologi
- Bistand bostøtte
- Lån/tilskot bustad
- Råd, veiledning og informasjon
- Lavterskel-aktivitetar
- Aktiv på dagtid
- Frivillig arbeid
- Demens-team/ oppfølgings-team
- Aktivitetstilbod personar med utviklingshemming
- Aktivitetsven
- Førebyggande heimebesøk*
- Pårørandeskule*
- Ny by*
- Tryggleiksplassar*
- Aktivitetssenter /seniorsenter

*Tilbod er ikkje satt i drift endå

Velferdsteknologi

Ei av hovedmålsettingane med Rauma helsehus har vore at helse- og omsorgstenestene skal bli støtta av moderne teknologiløysingar. Teknologien skal bidra til tryggleik, frihet og meistring for pasientane, og til å gi auka kvalitet og støtte i arbeidskvardagen for dei tilsette.

Nokre eksempel på teknologi i helsehuset

- I helsehuset er det installert digital pasientvarsling, med sensorar på alle pasientrom, samt i fellesområda. Pasientar kan tilkalle hjelp frå tilsette frå eige rom/bad, men også via pasientsmykke om han/ho oppheld seg utanfor rommet. Ut frå den enkelte pasient sitt funksjonsnivå kan det gå automatiske varsel til dei tilsette om pasienten faller, står opp av senga, ikkje kjem attende til senga, eller forlet rommet eller avdelinga. Alt tilpassa den enkeltes behov.
- Utanfor kvart bebuarrom er det installert digital dørschild, som forutan navn og bilde også gir beskjed om det er sendt eit varsel frå rommet, om det er tilsette tilstades, eller om bebuaren har besøk.
- Pasientvarslingsanlegget er integrert mot dørlåsar og lysstyring i huset. Pasientar får via alarmsmykket tilgang til sitt eige rom, men ikkje til andre bebuarrom. Denne type styring av adgang kan også gjelde dører ut frå avdelingar eller sjølve bygget. Styring av lys skjer ved at til dømes nattlys slås på om pasienten står opp av senga om natta.
- Dei tilsette mottok varsel fra pasientene på mobile einingar, samt på alarmtavle på vaktrom. Det betyr at det ikkje vil være støyande lydar eller lyssignal i korridorar/fellesareal, og derfor også roligere avdelingar. Om natta kan automatiske varsel fra pasientrom i nokre tilfelle kunne erstatte fysiske tilsyn av pasientar, slik at dei kan sove i fred utan å risikera å bli vekt av personalet.
- I kvart pasientrom er det takskinne for personheis, som forenkler flytting av dei pasientane som treng det, mellom seng, rullestol, toalett og dusj. Alt av innreieing på badet er hev- og senkbart. Toaletta har også spyl- og tørkfunksjon. Løysingane på badet gir både auka sjølhjelpenhet for pasientar, og forenkler arbeidet for dei tilsette. Alle pasientrom har lysstyring som ein kan stille inn individuelt. Romma er innreia med Smart-TV med moglegheit for overføring av sendingar fra fellesområdar eller videosamtaler med familie.
- Håndtering av legemiddel vil skje med støtte av eit elektronisk system for bestilling, dosering og dokumentasjon, og som gir auka kvalitet og tryggleik på tenesten. Systemet blir etablert både på medisinerom og med mobile einigar i avdelingane.





Slik blir helse- og omsorgstenester tildelt i Rauma

I Rauma skal behov og spørsmål om tildeling av helse og omsorgstenester rettast til Koordinerande eining.

For tildeling av helse- og omsorgsteneter har kommunestyret vedteke egne tildelingskriteriar. Desse kan du finne på kommunens heimeside, under helse og omsorg. Søknad om tenester finn du også på nettsida til kommunen.

Rauma kommune har eige brukarråd for helse- og omsorgstenestene. Dei kan ein kontakte for å gi innspel til vidareutvikling av tenestene. Kontaktinformasjon finn du på Rauma kommunes nettside.

Kommunen har ansvar for å yte forsvarlege helse- og omsorgstenester til dei som har behov for det. Det er ei overordna målsetting at alle i kommunen skal vere sikra lik tilgang på gode og likeverdige helse- og omsorgstenester.

Retten til helse- og omsorgstenester gjeld uavhengig av diagnose, alder, kjønn, personleg økonomi og bustad mm.

Tenester blir tildelt etter behov

Eit viktig prinsipp for tildeling av tenester er at ein gir tenester på lavast effektive omsorgsnivå. Det blir lagt vekt på at mindre ressurskrevande tenester skal vere vurdert og prøvd ut før ein innvilgar tenester på eit høgare nivå i omsorgstrappa. Føremålet er at innbygarane skal oppretthalde størst mogleg grad av eigenmeistring og livskvalitet, og at ein i størst mogleg grad skal motverke og førebyggje ein eventuell reduksjon i funksjonsnivå ved først å settje inn tiltak som fremmar eigenmeistring.

I Rauma kommune tildelast alle helse- og omsorgstenestene av Koordinerande eining etter søknad. Eininga befinn seg sentralt i helsehuset. Eininga har ansvaret for å tildele alle kommunens helse- og omsorgstenester, inkludert institusjonsopphald og individuell plan.

Vidare har kontoret kontakt med sjukehusa om ferdigbehandla pasientar som treng kommunale tenester etter sjukehusopphald. Eininga kan også gi råd, generell informasjon og bistand ved eventuell klage.

Nøkkeltal

Kostnader

	Mill. kroner
Entreprisekostnad HENT AS	263
Generelle byggherrekostnader	13
Inventar	15
Finanskostnader, reserver	12
Tenesteutvikling og velferdsteknologi	5
Diverse	7

Sum investeringskostnad **381**

Finansiering

	Mill. kroner
Investeringstilskot Husbanken	157
Gave Wenaasgruppen	41
Meirverdiavgiftskompensasjon	73
Låneopptak	110

Sum finansiering **381**





helsehuset@rauma.kommune.no
rauma.kommune.no